

Innkalling til rådsmøte i Ryfylkerådet



Innkalling går til:

Stanley Wirak, ordførar i Sandnes
Bodil Sivertsen, kommunedirektør i Sandnes
Anita Husøy Riskedal, ordførar i Hjelmeland
Wictor Juul, rådmann i Hjelmeland
Eirik Daniel Fatnes, kons. kommunedirektør i Sauda
Gerd Helen Bø, ordførar i Suldal
Karin Dokken Austvik, kommunedirektør Suldal
Bjørn Aril Veland, fung. ordførar Strand
Mette Barkved Hansen, kons. kommunedirektør Strand

Kopi til:

Kristoffer Amdal, styreleiar i Ryfylke IKS

Saksliste til møtet, 08.02.2022 klokka 09.00, i Smaken av Ryfylke sine lokale på Hjelmeland

- | | |
|-----------|---|
| Sak 01/23 | Godkjenning av innkalling, saksliste, møtebok frå møtet 16.12.22 og meldingar |
| Sak 02/23 | Utvikling av Ryfylke-regionen - tilrådingar frå Ungdomsutvalet |
| Sak 03/23 | Desentralisering av fylkeskommunale oppgåver |
| Sak 04/23 | Sommarjobben.no - informasjonsarbeid Ryfylke |
| Sak 05/23 | Besøk frå regjeringa - program |
| Sak 06/23 | Fjellnettverket - medlemskap |
| Sak 07/23 | MOR-konferansen 2023 |
| Sak 08/23 | Studie-/utdanningssenter |
| Sak 09/23 | Økonomiplan 2023- 2026 og budsjett 2023 |
| Sak 10/23 | Eventuelt |

Hjelmeland, 01.02.2023

Asbjørn Birkeland
rådsleiar i Ryfylkerådet

Reidun Sandvik
konstituert dagleg leiar i Ryfylke IKS

Sak 01/23

Godkjenning av innkalling, saksliste, møtebok frå møtet 16.12.22 og meldingar

Møtebok frå møtet 16.12.22 er sendt ut tidlegare.

Nasjonal transportplan – høyring

På bakgrunn av innspel på førre rådsmøte (sak 46/22) har administrasjonen tatt kontakt med fylkeskommunen for å avklare moglegheit for høyringsinnspel knytt til NTP.

Fylkeskommunen stadfestar at arbeidet med Nasjonal transportplan er framskynda eitt år, noko som inneberer kortare fristar for ekstern forankring og høyring. Signala tilseier at forslag blir sendt ut tidleg i april – med tre månadars høyringsfrist. Fylkeskommunen sitt høyringsinnspel må då bli vedtatt i fylkestinget før sommarferien (13.-14.6.).

Fylkeskommunen vil ha med seg innspel frå Ryfylke, og kjem om kort tid tilbake med forslag til korleis dei legg opp den vidare prosessen.

Kartleggingar

Kartlegginga av omlag tretti bedrifter i Ryfylke, som er ein del av kompetansepilotprosjektet, er ikkje ferdigstilt, og kjem opp på neste rådsmøte. Grunnen til dette er at det har vore veldig mange saker som måtte svarast ut då dagleg leiar har vore ute av arbeid siste tida.

Digital marknadsførar

Nina Fjellskaunes er tilsett i stillinga som digital marknadsførar og tek til 01.03.2023. Ho har utdanning innan kommunikasjon (bachelor) og reiselivsleiing (master). Brei erfaring frå web/heimesider, marknadsføring, innhaltsproduksjon, foto-/videoproduksjon mm. Ho har mellom anna arbeida for region Stavanger og i fleire nasjonale og internasjonale selskap med marknadsføring. Fjellskaunes er frå Sykkylven.

Blå åker - havbruk

Nye planmøte for oppstart av studiet er i arbeid med siktemål om å få til oppstart frå hausten-23.

Kompetanse+

Det er søkt om midlar til fire klasser innan Kompetanse+ ordninga til Hk-dir. Bakrunnen er innspel frå kommunar og bedrifter. I denne omgang er tilsette i Hjelmeland og Suldal kommunar (primært helse/barne- og ungdomsarbeidar) prioritert. I tillegg er Norsk Spennbetong i Forsand invitert med. Tilbodet er eit norskurs på 150 timer for personar som treng meir norskkunnskap og som har mål om ta eit fagbrev eller starte fagskuleutdanning. Fyllest ikkje klassane opp frå dei som nå er partnarar kan tilsette frå andre bedrifter og kome med på tilbodet. Får me midlar til dette er kursa gratis for deltakarane.

Søknad til HK-dir om midlar til naturbrukutdanning

Fagskuletilbodet som var oppe i sist møte innan havbruk og landbruk er sendt (Fagskolen Rogaland er avsendar) og me ventar svar innan påske på denne.

Bustadsatraktivtetsprosjekt

Status «Attraktive Ryfylke»

Kort oppsummering

Ryfylke IKS engasjerte Torfinn Opheim 11. september 2022 til å utarbeide eit prosjektforslag for å auke bu-attraktiviteten i Ryfylke. Forslaget skulle ligge føre 10. oktober 2022.

Prosjektforslaget skulle behandlast i Ryfylkerådet oktober 2022. Bakgrunnen for å utarbeide eit slikt prosjektforslag var å svare ut eit satsingsområde som Ryfylkerådet hadde peikt på i sin strategi.

Ryfylkerådet vedtok i oktober at administrasjonen i Ryfylke IKS skulle arbeide vidare med prosjektet og finansieringa av dette.

Vedtaket var slik i sak 34/22

1. *Ryfylkerådet sluttar seg til prosjektskissa for bustadattraktivitet i Ryfylke og ber administrasjonen arbeida vidare med sikte på organisering og finansiering.*
2. *Kommunane blir bedne om å peika ut ein person som kan bli ein del av prosjektarbeidet for å sikre god koordinering i og på tvers av kommunane.*

Torfinn Opheim blei deretter engasjert etter ein anbudskonkurranse for å jobbe vidare med prosjektet «Attraktive Ryfylke».

Det blei søkt Ryfylkefondet om støtte til prosjektet. Fondet vedtok å støtte prosjektet med kr. 900.000.

Det ble vidare sendt søknad til Rogaland Fylkeskommune om støtte til prosjektet med kr. 200.000. Søknad blei sendt 2. november 2022. Søknadsfristen var 15. januar 2023 og vil bli politisk behandla i mars 2023.

Søknad blei og sendt til Statsforvalteren i Rogaland. Slik søknad må komme frå ein kommune, sjølv om prosjektet inkluderar fleire kommunar. Hjelmeland kommune sto som søker. Statsforvalteren støtta prosjektet med omsøkt beløp på kr. 500.000.

Prosjektet «Attraktive Ryfylke» har i dag slik finansiering;

Ryfylkefondet kr. 900.000

Statsforvalteren kr. 500.000

Rogaland Fylkeskommune (kr. 200.000) Ikke behandlet

Totalt kr. 1.600.000

Det er lagt inn eigeninnsats fra kvar deltagande kommune på kr. 100.000.

I søknad til Statsforvalteren er budsjettet slik;

- Kommunane sine årlege kostnader 2023-2025 kr. 400.000
- 1 årsverk kr. 1.100.000,
- administrasjon/reise kr. 200.000,
- kjøp eksterne tenester 300.000

Status i dag

Prosjektleiar kontakta kvar kommune i prosjektet i november og desember 2022 for å vite kven som skulle representera kommunen. Kun Hjelmeland hadde peikt ut slik person, som var Jone Fuglesten (seinare er dette endra til Haldis Nilsen). Prosjektleiar hadde deretter møte med Mads Drange i Suldal, Harald H. Løland og Stine Skrunes i Sauda og ordførar Bjørn Aril Veland, Elin Aasheim Rossemyr og Oddbjørg Sætre i Strand.

Etter avklaring med Suldal og kommunedirektør og kommunalsjef, blei Mads Drange bekrefta som kommunen sin person i prosjektet.

I dag er «prosjektgruppa» samansett slik;

Strand: Elin Aasheim Rossemyr

Hjelmeland: Haldis Nilsen

Suldal: Mads Drange (til utgangen av mai 2023)

Sauda: Stine Skrunes

20. januar 2023 møttes «prosjektgruppa» til sitt første møte på Hjelmeland.

Referat fra møtet i utrykt vedlegg.

Første møte var eit «bli kjent»-møte. Sjølv om deltakarane i utgangspunktet hadde same fokus i kvar sin kommune, nemleg moglegheitsutvikling, hadde fleire ikkje treft kvarandre tidlegare.

Det blir i utgangspunktet lagt opp til at prosjektgruppa møtest ein gong pr. månad fram til sommaren. (4-5 gonger)

Prosjektleiar har avtalt møte med Heidi Skifjell i Rogaland Fylkeskommune den 14. februar for å orientera om prosjektet og sjå på samordningsmoglegheiter mot Rogalandsmodellen.

Hovedfokus nå er å samla inn pågående arbeid i kommunane som kan ha betydning for attraktiviteten i kommunane og regionen. Slik oversikt vil forhåpentleg kunne gi idear og inspirasjon til alle kommunane og dermed regionen. Dette vil og kunne visa kvar fokus er, og kvar det mogleg er gevinstar å hente ved å sjå prosjekta under eitt.

Både Telemarksforskning, Distriktsenteret, DOGA og Nordic Edge vil bli kontakta for hjelp i dei neste fasane i prosjektet. Dette fordi dei tidlegare har vore involverte i tilsvarende prosjekt.

Når det gjeld kommunane sin eigenandel, er det sjølvsagt vanskeleg å vite eksakt kor mykje denne blir. Eigenandelen knytt seg i hovudsak til deltaking i møta i prosjektgruppa.

Prosjektet skal vere ein bidragsytar til kommunane gjennom formidling av innhenta informasjon og utveksling av erfaring og kunnskap i prosjektet. Sjølve hensikta med prosjektet er å skape større attraktivitet i kommunane og regionen. Det er Ryfylke IKS og Torfinn Opheim som leier og administrerer arbeidet.

Det blir elles vist til prosjektskildringa «Attraktive Ryfylke».

Følgeforsking/evaluering

Espen Geelmuyden Rød frå Sauda og Sabine Otto-Rød, som i dag arbeider ved eit universitet i Sverige, flyttar tilbake til Sauda. Dei er engasjert til å følgja sjukepleiarstudiet for å sjå på m.a.:

- Tilgjengeleghet for studentar som bur i ulike kommunar i Ryfylke
- Kombinasjonen av fysisk og digital undervising
- Høve til og kvalitet på lokal utplassering
- Samarbeid med og mellom kommunar
- Bidrag til kompetanseheving i kommunane i Ryfylke
- Framvekst av delings- og samarbeidskultur mellom aktørar involvert i utdanninga
- Rekruttering og tilrettelegging for studentar i ulike livsfase

Dei legg fram sin rapport når studiet er slutført.

Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2023 viser at Ryfylke IKS har hatt eit godt finansielt år, med eit overskot på i underkant av 2 mill. Rekneskapsførar har starta arbeidet med å ferdigstilla årsrekneskapen for revisjon.

Arena Ryfylke

Ryfylkealliansen informerer om at dato for neste Arena Ryfylke er 14. november 2023.

Framlegg til vedtak

Rådet godkjenner innkalling, saksliste, referat frå møtet 02.06.22 og meldingar.

Sak 02/2023 Utvikling av Ryfylke-regionen. Tilrådingar frå Ungdomsutvalet

Ryfylkerådet sette 3. juni 2022 ned eit utval av unge frå Ryfylkekommunane. Utvalet skulle gi innspel til kva som kan gjerast for å styrkja stillinga til regionen som ein god stad for unge å bu og arbeida.

Ungdomsutvalet skulle særleg drøfta følgjande tre problemstillingar:

1. Korleis kan dei unge få betre kunnskap om utdanningstilbod som kan gi arbeid i den regionen dei kjem frå? Kva behov har arbeidslivet, og korleis kan det behovet best formidlast til dei som veks opp? Omgrepene *Ryfylkeskulen*, med fokus på samarbeid, delingskultur, innovasjon og entreprenør-ånd er sentralt for denne problemstillinga.
2. Korleis kan Ryfylke informera og kommunisera med ungdom medan dei er ute i utdanning eller arbeid andre stader, slik at dei får kunnskap om kva som skjer i regionen? Omgrepene *Heilt heim*, med fokus på ein digital arena for unge ryfylkingar er viktig i denne problemstillinga.
3. Korleis kan regionen fanga opp idear og synspunkt frå dei unge i vidareutvikling av regionen? Bør det etablerast eit permanent ungdomsråd, og i så fall, kven bør vera med i rådet og kva for oppgåver bør rådet konsentrera seg om? Fleire andre regionar har alt slike ungdomsråd.

I tillegg kunne ungdomsutvalet ta opp spørsmål det vurderer som relevante for oppgåva.
Ungdom er definert som unge under 30 år.

Utvalet har hatt følgjande medlemmer:

- Anne Bratthammer
- Paula Drozdynska
- Arin Eirikssønn
- Håvard Handeland
- Sondre Hebnes
- Joel Nag
- Maicen Ravnås
- Emil Riskedal.

Utvalet har hatt fem møte, der fleire eksterne innleiarar òg har bidratt.
Ein rapport er blitt utarbeidd, med utgangspunkt i dei tre problemstillinga som er nemnde over. Til dokumentet har utvalet òg laga ei oppsummering med konklusjonar.

Det var eit medlem frå Forsand med i gruppa, men då denne flytta midt under arbeidet har me valt å halda namnet utanfor rapporten.

Vurdering

Administrasjonen har vore sekretariat for arbeidet. Det har vore gode og lange diskusjonar og eit flott engasjement. Tre frå utvalet har gjort den siste finpussen på det som skal presenterast med utgangspunkt i ei samla innstilling frå utvalet.

Saman med Andreas Melvær i Melvær & Co har dei laga ein presentasjon for rådet (alle utvalsmedlemmene er invitert, men på grunn av skule /arbeid er me usikre på kor mange som får høve til å vera med).

På møtet vil altså rapporten bli presentert og kommunane får denne med heim til sin kommune. Me trur i tillegg at dei som presenterer denne på møtet er villige til å kome rundt i kommunane for å informera frå arbeidet sitt.

Administrasjonen vil ikkje kome med innstilling til korleis dette kan følgjast opp, men ser mange av innspela som nyttige for arbeidet i det vidare.

Saka blir lagt fram til drøfting.

Sak 03/2023 Desentralisering av fylkeskommunale oppgåver

Haugaland Vekst har i samarbeid med Ryfylke IKS, bede om innspel frå fylkeskommunen om desentralisering av fylkeskommunale oppgåver og vist til politisk plattform «*Ved nye stedsuavhengige fylkeskommunale arbeidsplasser skal disse prioriteres til regionene.*»

I skriv til fylkeskommunen er det stilt følgjande spørsmål:

1. Er det **utlyst** nye stabsstillingar med plassering i andre kommunar enn Stavanger dei siste tre åra?
2. Kva stillingar, som i utgangspunktet er stabsstillingar knytt til sentraladministrasjonen (m.a.o. ikkje VGS-stillingar, tannhelse, karrieresenter, vegvedlikehald og liknande), har din avdeling som har kontorplass i kommunar på Haugalandet eller Ryfylke?
3. Viss det er stillingar som spurt etter i spørsmål 2 -> Er dette stillingar som vil bli lyst ut med same arbeidsstad ved eventuelt skifte, eller er plasseringa knytt til personen som innehar stillinga i dag?

Svaret er kome og ser slik ut:

«Stillinger / kontorsted utenfor Stavanger

Nord-fylket

Fylkesordføreren har under henvisning til sak 29/22 i AU for regionrådet for Haugalandet, spurt hvor mange arbeidsplasser Rogaland fylkeskommune pr. i dag har i nord-fylket, og tanker omkring plassering i forbindelse med rekruttering.

Tilbakemeldinger fra avdelingene viser at samferdsel har 52, opplæring 19, kultur/næring 3 og bygg/eiendom 2 stillinger plassert i nord-fylket / Haugesund. For noen fagområder er det naturlig å ha satellitter, fordi det er hensiktsmessig for oppgavene som skal utføres. Andre fagområder er ikke spesielt knyttet til en region, og fysisk plassering vil da kunne være av mindre betydning.

Noen avdelinger åpner i stillingsannonser og/eller i forbindelse med forhandling om arbeidsavtaler, for at ansatte med naturlig nedslagsfelt / bopel i nord-fylket skal kunne ha sin hovedbase / arbeidsplass der. En forutsetning er da at arbeidsoppgavene er av en slik art at de på hensiktsmessig måte kan løses i en slik ordning.

Sør-fylket

Opplæring har pr. i dag 4 medarbeidere med fast plassering i leide lokaliteter på Bryne, og samferdsel har 12 i Egersund.

Enkelte medarbeidere har også ordninger med at deler av arbeidstida kan tilbringes ved lokalitetene i Egersund, med et nærmere avtalt antall dagers tilstedeværelse på fylkeshuset i Stavanger.

Plan-, miljø- og samfunnsavdelingen, økonomiavdelingen, avdeling for organisasjon og digital utvikling, fylkesadvokaten og kommunikasjonsavdelingen har pr. i dag ingen ansatte på lokasjoner utforbi fylkeshuset, og foreløpig heller ingen planer om det.»

Vurdering

Det kjem tydleg fram at Rogaland Fylkeskommune sin saksbehandlar ikkje ser dette som eit prioritert område for fylkeskommunen. Det er heller ingen samordna tenking omkring dette mellom avdelingane i fylkeskommunen sin administrasjon.

Like tydeleg er det at ansvaret for avgjerala om at stillingar- eller delar av stillingar ikkje treng å lokalisering til fylkeshuset i Stavanger by. Og ansvaret er av dei folkevalde delegert til avdelingane sjølv.

Dette rimer därleg med den politiske plattforma, der det går fram at:

«*“Ved nye stedsuavhengige fylkeskommunale arbeidsplasser skal disse prioriteres til regionene.”*

Dette kan kanskje problematiserast, sidan det står NYE stedsuavhengige... arbeidsplasser, men her er sjølv sagt den klare politiske bodskapen at ein må tenkje regionalt og kva for ei desentralisering ein kan skape ved utlysing av stillingar. Her er ei slik tilnærming fråverande i svaret frå Rogaland fylkeskommune.

I Hurdalsplattforma går det fram under *Kommunal- og distriktpolitikk -Tjenester nær folk:*

Det skal bygges sterke kompetansemiljøer i hele landet gjennom en jevnere fordeling av offentlige arbeidsplasser».

Når me ser dette i samanheng med NOU 2020:15 *Det handler om Norge*, så manglar fylkeskommunen ei meir offensiv tilnærming til den utfordringa Haugalandet og Ryfylke her peikar på.

Me saknar rett og slett fylkeskommunen sitt svar på korleis dei har tenkt å oppfylla den politiske plattforma og andre utgreningar på feltet der det blir peika på at dette er både fylkeskommunen og nasjonen sin politikk.

Fylkeskommunen har oversett spørsmål som er sendt, og Ryfylke spesielt - er heilt oversett.

Svaret frå Rogaland fylkeskommune reiser i staden fleire nye spørsmål for Ryfylke:

- Må regionen starte ei målretta offensiv for å synleggjere regionen meir, særleg mot politisk og administrativ leiing?
- Må me vera flinkare til å invitere fylkespolitikarar og administrasjonen til regionen vår slik dei får innsikt og lærer å kjenne regionen?
- Korleis er omdømme vårt – står me med lua i handa?
- Veit Rogaland Fylkeskommune (les; øvste politiske og administrative leiing) om dei sakene Ryfylke IKS og Ryfylkerådet arbeider med og behandlar?
- Har fylkeskommunen vist særskild interesse for vår region? Kan og bør dei det?

Administrasjonen spelar desse punkta inn som grunnlag for drøfting og innspel til korleis følgja denne haldninga opp.

Sak 04/2023 Sommarjobben.no - informasjonsarbeid Ryfylke

Kartleggingsarbeidet som er i gang blant bedriftene og innspela som kjem frå ungdomspanelet viser et behov for å etablera ein regional portal som kan formidle sommarjobbar. Ein slik portal kan også gi høve til å leggja ut tilbod om traineestillingar.

Region Nordfjord og Nordfjordakademiet har alt etablert eit slikt tilbod (sammarjobb.no), og i 2022 hadde dei over 100 studentar som jakta på relevant sommarjobb utifrå den utdanninga dei tok på høgskule/universitet. Vestland fylke har bidratt med 0,5 million til denne satsinga.

Alle stillingar blir samla på ei side for regionen, og unge kan i tillegg sjølv registrera seg i portalen slik at arbeidsgjevarane kan få tilgang til anonymiserte cv'ar som ligg ute på nettsida.

Me tenkjer og at ein slik portal kan vera nyttig for å fronte arbeidslivet sine ynskje om å etablera traineestillingar. I tillegg kan portalen knytast opp mot andre forhold som kan vera av interesse for unge studentar og personar som er «ute» og hentar seg erfaring og kompetanse utanfor regionen vår.

Me er i dialog med Nordfjordakademiet om me kan bruka idear frå deira løysing til å etablera eit tilsvarande tilbod i Ryfylke. Det er dei opne for. Me er i startfasen med å sjå på kva slags digital tilnærming Ryfylke bør ha i møte med innbyggjarane og koss me skal få til ein gjensidig kommunikasjon.

Ryfylke.no

I dag tilfredsstiller ikkje våre nettløysingar dei krav til informasjonsflyt som er sett til interkommunale selskap. Dette behovet er det derfor naturleg å ta tak i og me har drøfta med litt ulike aktørar om vegen vidare. Dette er nå ekstra viktig etter at Ryfylkealliansen ikkje lenger er eit prosjekt under Ryfylke IKS.

Til dømes er postlister og saksdokument i dag ikkje ein del av nettløysinga vår. Våre relasjonar til andre regionale organisasjonar i Ryfylke bør og vise igjen for å gjera vårt og deira arbeid meir kjent for folk som bur her eller som søker informasjon om Ryfylke.

Me har så smått starta på dette arbeidet og mellom anna lufta spørsmålet om eit samarbeid med Ryfylkemuseet som ein stor interkommunal organisasjon. Dei er positive til å vera med å eit slik arbeid.

Vurdering

Ryfylke må bli meir offensiv på det digitale og følgje dei krav lova sett til eit interkommunalt selskap. Det er nå tilsett ein digital marknadsførar som skal arbeidet med dette strategiarbeidet og lage ein portal for fleire som vender seg mot det same publikum.

Me meiner fleire bør inviterast til eit samarbeid omkring dette av regionale aktørar som kan vera med å visa eit samla Ryfylke og med det gjera kvarandre gode. Utvikling av Ryfylke.no

må gjerast uansett, åleine - eller saman med andre interkommunale tiltak der merkevara Ryfylke står sentralt.

Ei side der ein viser sommarjobbar bør og bli ein del av dette arbeidet. Domenet *sommarjobben.no* er alt reservert.

Framlegg til vedtak

1. Ryfylke.no må styrkast på innhald og offentleg informasjon frå selskapet må bli tilgjengeleg.
2. Andre interkommunale selskap bør inviterast med i prosessen med sikte på å ha ein portal for regionale tiltak som har som eit av sine mål å spreie offentleg informasjon.
3. Etablering av ein plattform for unge og for arbeidslivet som formidlar sommarjobbar vil Ryfylke IKS arbeide vidare med.

Sak 05/2023 Besøk frå regjeringa - program

Som det blei informert om i sist rådsmøte kjem desse til Ryfylke i samband med rådsmøtet 13.04.2023:

- Statsekretær Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet
- Statsekretær Ole Gustav Narud i Kommunal- og distriktsdepartement

Etter samtaler med Narud har me lagt opp til middag kvelden før og med programpostar neste dag.

Spørsmålet er om me kan ha rådsmøtet i forkant av middagen onsdag (12.04.) ettermiddag, slik at me kan bruke torsdagen til program. Alternativt å ha rådsmøtet i etterkant – torsdag ettermiddag.

Me har drøfta programmet internt og vil, som utgangspunktet for besøket var, ha fokus på kompetansepolitikk og desentralisering.

Lokalisering

Me har vurdert å leggja møtet til Jelsa eller Tau, men har landa på Tau på grunn av logistikk, i tillegg til at me ynskjer å presentera havbruksatsinga Ryfylke no har gått inn på.

Det blir reservert hotellrom til dei som kjem frå Oslo og Ryfylkerådet på Tau.

Framlegg til program for samlinga

Onsdag:

- Rådsmøte kl. 17.00
- Middag ca kl. 20 - med korte innspel frå kvar ordførar (5 min)

Torsdag:

- Innleiing ved rådsordførar der programmet og målet for dagen blir løfta fram
- Innlegg frå departementa ved Narud og Hoel
- Ryfylkemodellen – Forsking, kompetanse og kunnskapsdeling i Ryfylke
 - Prosjektet og tilnærming – ved Ryfylke IKS
 - Ryfylkemodellen og vegen vidare - ved HVL
- Ungdom og utanforskning
 - Unge meiningar utfordrar oss - nyttig for vegen vidare, ungdomspanelet
 - Nye landsmenn og dei som står utanfor – ein ressurs for Ryfylke – ved NAV
- Kompetanse og rådgjeving - to sider av same sak
 - Ryfylkemodellen – næringslivet si rolle

- Rekruttering - ei utfordring? Ved ASAP
Lunsj

- Omvising på skulen og Comrod
- Korte oppsummeringar frå departementa
 - Intervju/samtale og spørsmål frå salen

Oppsummering og vel heim

15.00 Ferdig

Kven inviterer me til samlinga torsdag?

I tillegg til Ryfylkerådet peikar me på følgjande:

- 2 – 3 rep frå fylkeskommunen
- Rep frå UIS, fagskulane og HVL
- Rep frå Næringsforeiningar, Sauda og Suldal vekst
- Rep frå Ryfylkemuseet og Reisemål Ryfylke
- 3 rep frå NAV
- Rep frå Sauda og Strand vgs
- Ungdom/student

Kjem alle vil dette utgjera rundt tretti personar.

Målet for møtet

Målet med møtet er å invitera departementa med på gjennomføre eit prosjekt i regionen vår med støtte frå nasjonalt hald. Det er viktig at me førebur kva for saker me vil melde her, som me kan få sentrale styresmakter med på finansiering av.

Framlegg til vedtak

Ryfylkerådet sluttar seg til saksframlegget, og rådsordførar er med vidare i detaljering av programarbeidet.

Sak 06/202 Fjellnettverket - medlemskap

Vedlegg: Vedtekter for Fjellnettverket

Ryfylkerådet er invitert til å gå med i Fjellnettverket. Eit politisk nettverk som arbeider for levande og livskraftige fjellbygder. Fjellnettverket har fylkeskommunar, regionråd og kommunar som medlemmer og blei etablert seint på 90-talet, etter initiativ frå Tinn og Vinje kommunar.

Nettverket arbeider med politisk påverknad og for å løfte saker som er viktige for fjellområda. Dei samarbeider på tvers av regionar, kommunar og fylke for å få til ein politikk som skal sikre framtida for fjellområda.

Fjellnettverket har ein handlingsplan og der er det vedteke å arbeida etter fire strategiar:

- Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltar i nasjonale- og regionalpolitiske diskusjonar
- Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda.
- Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid
- Fjellnettverket kan iverksette eigne prosjekt og tiltak

Rådsmøtet er Fjellnettverket sitt øvste organ som møter ein gong i året. Det er eit aktivt politisk styre i nettverket med slik samansetting:

- Olav Røssum, Innlandet fylkeskommune, leiar
- Inger Lise Lund Stulien, Setesdal regionråd, nestleiar
- Olav Skinnes, Viken fylkeskommune
- Per-Asbjørn Andvik, Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Marit Bjerkås, Trøndelag fylkeskommune
- Odd Erik Holden, Valdres Natur- og kulturpark
- Christian Elgaaen, Røros kommune
- Solveig Vestenfor, Regionrådet for Hallingdal

Nettverket arrangerer møteplasser, seminar og arbeider med konkrete prosjekt som omhandler spørsmål og utfordringa som gjeld fjellet. Administrasjonen er lokalisert på Geilo.
www.fjellnettverket.no

I Ryfylke er Suldal, Hjelmeland, Sandnes og Sauda fjellkommunar. Kostnadene knytt til medlemsskapet er basert på talet på innbyggjarar. I 2021 ville kostnaden for Ryfylke IKS vere 3,18 kr per fjellinnbyggjar (altså innbyggjar i fjellkommunane i regionrådet), men maksimalt 68 796 kroner. Medlemkontingenenten indeksregulerast kvart år.

Vurdering

Skal kvar kommune melde seg inn i dette nettverket vil kostnaden totalt bli langt høgare enn om regionrådet gjer det på vegne av kommunane.

Nettverket er aktive i å setja spørsmål på dagsorden på område som er viktige for kommunar som har store fjell- og utmarksressursar. Me var seinast i kontakt med

nettverksadministrasjonen i samband med utarbeidingsa av fråsegna til *NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunane*, som rådet hadde til behandling like før jul.

Mange regionråd er medlemmer i nettverket og det kan vera ein nyttig møteplass og samarbeidspart for Ryfylke.

Saka blir lagd fram utan forslag til innstilling.

Vedlegg:

Vedtekter for Fjellnettverket

DEL 1 FØREMÅL

§ 1 Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Noreg (ref §4).

§ 2 Rettsleg grunnlag

Fjellnettverket er eit politisk nettverk, og er ikkje ein sjølvstendig juridisk person.

§ 3 Føremål og virkeområde

Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivnad i fjellbygdene.

Fjellnettverket arbeider gjennom:

- å vera ein aktiv deltakar og leverandør i regionalpolitiske diskusjonar
- å formidle kunnskap om fjellområda
- å delta aktivt i internasjonalt samarbeid
- setja i verk eigne prosjekt og tiltak

DEL 2 MEDLEMSKAP

§ 4 Medlemskap

Fjellnettverket er ope for kommunar, regionråd/kommuneregionar og fylkeskommunar.

§ 5 Opptak av medlemmar

Styret handsamar søknader om medlemskap. Dersom styret avviser ein slik søknad, skal denne handsamast av Rådet for endeleg avgjerd.

§ 6 Medlemskontingent

Medlemskontingenen blir fastsett av Rådet.

§ 7 Utmelding

Utmelding skjer skriftleg til styret. Dersom utmeldinga skjer seinare enn 01.10. må medlemen betala full kontingent for det påfølgjande året. Ein medlem som ikkje har betalt medlemskontingent for to påfølgjande år er automatisk utmeldt.

DEL 3 ORGANISERING

§ 8 Rådet for Fjellnettverket

a) Samansetjing

Rådet er det høgaste organet i Fjellnettverket. Rådet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemene er representerte. Avgjerder tas med alminneleg fleirtal. Medlemene veljer representantar med personlege vararepresentantar til Rådet. Fylkeskommunar og regionråd/kommuneregionar har to representantar kvar, medan kommunar har éin representant kvar. Funksjonstida er 4 år, og tilsvarar valperioden.

b) Myndigkeit og oppgåver

Rådet har møte minst ein gong årleg. Det handsamar årsmøtesaker og andre innkomne saker. Rådet vedtar økonomisk omfang og fast lokalisering av sekretariatet for Fjellnettverket.

På årsmøtet handsamast:

- årsmelding og rekneskap
- handlings- og økonomiplan
- budsjett for kommande år, inkludert fastsetjing av medlemskontingent
- endring av vedtekten
- val av styre og varamedlemar
- val av styreleiar
- val av nestleiar til styret

Rådet vel styre på fyrste møte etter kommune- og fylkestingsvalet. Dette møtet skal vera innan utgangen av februar. Innkalling til møte i Rådet skal skje med varsel på minst tre månader. Endeleg saksliste med saker sendast rådet seinast 2 veker før møtet.

§ 9 Styret for Fjellnettverket

a) Samansetjing

Styret er sett saman av ein representant frå kvar fylkeskommune, fire representantar frå kommunane /kommuneregionane, med prioritert varalist. Representantane skal vera tilknytt fylkesting/regionråd/kommunestyre. Euromontanas norske styremedlemar har observatørstatus med talerett i saker som gjeld Euromontana. Styremedlemene blir valde av det fyrste årsmøtet etter kommunevalet, og dei fungerer i 4 år. Leiar og nestleiar for styret blir valde av Rådet for ein periode på 2 år. Rådet oppnemner valkomité. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av medlemene er til stades. Vedtak fattast med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styrets leiar dobbeltstemme.

b) Myndigkeit og oppgåver

Styret har mynde til å treffen avgjerder i alle saker som gjeld samarbeidets drift. Styret ser til at verksemda driv i samsvar med vedtekten, vedteke budsjett og andre vedtak eller retningslinjer. Styremøtene innkallas og leias av styrets leiar. Styrets leiar sørger for at det blir ført protokoll frå styremøtene. Styret har plikt til å sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap og revisjon av verksemda. Styret kan delegere til leiar eller sekretariatet å representera samarbeidet utad. Styret har delegert myndigkeit frå Rådet i alle løpende saker

gjennom året, og kan uttale seg på vegne av FRS. Ved likt stemmetal i styret har leiaren dobbeltstemme. Styret kan delegere vedtaksfullmakter til leiaren.

§ 10 Sekretariat

Sekretariatet utøver den daglege drift;

- utgreiar og innstiller i dei saker som leggjast fram for overordna organ utøver sekretærfunksjonen
- har tale og forslagsrett i styret og rådet, når det behandlar saker som gjeld samarbeidet.
- For øvrig utøve oppgåver delegert frå styret.

§ 11 Administrative ressursar

Alle medlemmar skal ha ein administrativ kontaktperson.

§ 12 Vedtektsendringar

Forslag om endringar av vedtektena skal handsamast av Rådet. Forslaga skal sendast inn til styret minst to månader før møtet. Ei endring av vedtektena krev 2/3 fleirtal av medlemane.

§ 13 Oppløysing av Fjellnettverket

Forslag om oppløysing av Fjellnettverket skal handsamast i Rådet. Eit vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal av medlemane. Eigenkapitalen skal ved oppløysing av nettverket fordelast på medlemane etter den same fordelingsnøkkelen som ved innbetaling av kontingent. For at ein medlem skal kunna få utbetalta sin del av eigenkapitalen, må han ha betalt kontingent ved siste innkrevning.

Sak 07/2023 MOR-konferansen 2023

I sak 42/22 vedtok rådet følgjande:

«Administrasjonen legg fram ei sak for rådet som legg rammene med finansiering for ein ny konferanse hausten 2023.»

Det er reservert hotell og møtefasilitetar i Sauda for to konferansedagar **31.08. - 01.09.** Sidan det er i forkant av kommune- og fylkestingsvalet har me lagt inn ein politisk debatt. På bakgrunn av tidlegare erfaringar bør me legge opp til ein debatt som er tilrettelagt slik at det òg blir tid til den sosiale og kulturelle biten som deltakarane sette stor pris på på førre konferanse.

Konferansen blir i Folkets hus i Sauda – med kveldssete i Klubben.

Førebels overskrift for samling bør/kan vera:

- *Kompetanse og rekruttering – heng det saman?*

Me ser for oss oppstart torsdag kl. 10.30 og slutt kl. 14.00 fredag tilpassa båt til og frå Sauda.

Det blir sett ned ei programgruppe beståande av:

- Rogaland fylkeskommune
- Næringsforeininga i Stavanger si Ryfylkegruppe
- Suldal vekst
- Representant for ungdomsutval
- Asbjørn Birkeland

Budsjett

Me har sett opp eit budsjett som tar høgde for det arbeidet som går med til å førebu og gjennomføra konferansen. Samlinga er i år i Sauda og me må rekna noko meir reiseutgifter knytt til samlinga.

Påmeldingsavgift på nivå med fjaråret (1750 kr).

Budsjett	Rekn. 22	Bud. 23
Utgifter		
Honorar foredrag	88500	100000
Planlegg og gjennomføring	0	300000
Reiseutg/transport	20525	50000
Konferanselokale leige	15000	15000
Nettsending	44000	50000
Servering middag	79000	80000

Servering lunsj	36100	40000
Grafiske utgifter/påmelding	26548	35000
Kultur arr mm	46309	30000
	355982	700000
Inntekter		
Deltakaravgift	145250	150000
Rogfk - tilskot	50000	150000
Ryfylkefondet	100000	400000
	295250	700000
Underskot	60732	0

Vurdering

Utifrå signala som er gitt i rådet, bør me arbeida vidare for å få denne viktige møteplassen på plass òg i 2023.

Fylkeskommunen blir utfordra til å bidra meir - og bli meir synleg som arrangør.

Administrasjonen vil peike ut ein som får ansvaret for den vidare planlegginga og avviklinga av konferansen, og det er viktig at kommunane alt no set av dagane konferansen finn stad.

Framlegg til vedtak

Ryfylkerådet inviterer Rogaland fylkeskommune og i Næringsforeningen i Stavangerregionen (ressursgruppa for Ryfylke) med som samarbeidspart i avviklinga av MOR-konferansen 2023.

Rådet søker Ryfylkefondet om 400 000 kroner til finansiering av konferansen.

Sak 08/2023 Studie-/utdanningssenter

Vedlegg: Brev frå Næringsforeningen i Stavangerregionen si ressursgruppe for Ryfylke

I sak 30/22 gjorde Ryfylkerådet dette vedtaket:

«Ryfylkerådet sluttar seg til saksframlegget og er positive til etablering av eit utdanningssenter for Ryfylke saman med Rogaland fylkeskommune og dei vidaregåande skulane i regionen. Vidare organisering vil ein komme tilbake til etter Fylkestingets behandling av saka».

Rogaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga kalla etter vedtaket saman til eit arbeidsmøte på Hjelmeland 06.01.23 for å få innspel til ei saksframstilling til dei folkevalde i fylkeskommunen om mellom anna organisering av arbeidet.

Omlag 20 personar frå Ryfylke var samla. Oxford Research var invitert til å leia samlinga og å summere opp det som kom fram.

Dei gjer seg slik tankar etter sitt forskingsarbeid og samlinga Ryfylke hadde i januar:

- *Eies i hovedsak av kommuner, med innslag av fylkeskommunalt eierskap, næringshage og stiftelser*
- *Som regel organisert som AS, IKS, kommunale oppgavefelleskap, enhet i kommune, stiftelse etc.*
- *... men de med størst omfang er der hvor kommuner i felleskap er involvert på eiersiden*
- *Studiesentrene kombinerer kompetanseutvikling og lokalt utviklingsarbeid*
- *Sterkt eierskap og lokal autonomi*
- *Ideer som kan tenkes å redusere studiesentrenes egen autonomi, møtes med skepsis*
- *Selvråderetten må bevares – det gir verdi*
- *Gir bedre forhandlingsstyrke*

Og samvirke med fylkeskommunen viser at:

- *Fylkeskommunene bidrar med (prosjekt)finansiering, men er mindre engasjert og påkoblet enn hva en kanskje hadde forventet*
- *Eksempler på samarbeid opp mot næringsavdelingen, mens fylkeskommunens utdanningsavdeling ofte beskrives som fraværende*
- *Skepsis mot fylkeskommunens evne til å forstå lokale muligheter og snu seg raskt*
- *Men samtidig etterspørres mer helhetlig politikk*
- *Rett balanse mellom forutsigbare økonomiske rammer og lokal autonomi*

Samlinga viser at behovet for å få til eit godt samarbeid med fylkeskommunen er viktig, skal god grunnfinansiering på plass. Det same gjeld å sikre at fylket har fokus på desentralisert utdanning som ein viktig del av opplærings- og næringsutviklingsarbeidet for regionar som Ryfylke.

Etter samlinga har Ryfylkerådet fått brev med klare synspunkt frå Næringsforeningen i Stavangerregionen si ressursgruppe for Ryfylke (vedlegg).

Dei framhevar:

«Til dette arbeidet trengs en liten og effektiv organisasjon, som har arbeidet med fleksible og desentraliserte utdanninger som sin hovedoppgave. En organisasjon som kan utfordre de tilbydere vi her snakker om til å prioritere utdanning i Ryfylke-regionen, og som har et klart mandat fra et styre bestående bl.a. av sentrale politikere fra Ryfylke og fylkeskommunen.

(....)

Å knytte arbeidet til store og tunge organisasjoner som de videregående skolene kan føre til at utdanningssenterets arbeid blir «en lettbåt på et stort skip». De videregående skolenes viktige primæroppgave er å tilby videregående opplæring, - en opplæring som skaper grobunn for å kvalifisere innbyggerne til å gå videre med utdanninger på fagskole og høgskole-/universitetsnivå.»

I følge skrivet har også Suldal vekst slutta seg til desse synspunkta.

Opplæringsavdelinga har sjølv kome med framlegg om å setje ned ei arbeidsgruppe som kan konkretisera organiseringa og Ryfylkerådet er bedt om å spele inn namn til å vera med på dette arbeidet.

Vurdering

Fylkeskommunen har gjennom sitt initiativ til ei arbeidssamling bede Ryfylke vera tydleg på kva for organisasjonsform regionen tenkjer er best. Derfor er det naturleg at Ryfylkerådet kjem med innspel til det saksframlegg som fylkesdirektøren skal skrive. Ei sak som skal til behandling i april.

Det er mange ulike interessentar i arbeidet med kompetanseheving, og det kan vera tenleg å dela dei inn i ulike grupper. To grupper det er lett å tenkja på her er ei fagleg gruppe og ei operativ gruppe.

Det kan i ulike saker oppstå interessekonfliktar mellom det faglege og det politiske/økonomiske, og slike konfliktar kan ha negativ påverknad - både i organisasjonen og i forhold til føremålet. Det beste er å skilja dei to funksjonane (som begge må vera ein del av organisasjonen) og å setja opp retningslinjer/trafikkreglar for korleis dei skal forhalda seg til kvarandre.

I tillegg er det svært viktig å sikra representasjon frå arbeidslivet og NAV. Ein kan sjå for seg at organisasjonen har eit styre og eit fagråd. Fagrådet må vere bredt sett saman, både regionalt og nasjonalt. Rådet må blant anna ha som oppgåve å halda styret orientert om kva som rører seg reint fagleg. I tillegg bør rådet kunna setja i gang eigne utgreiingar/prosjekt og svara på spørsmål som styret ønskjer å leggja fram for rådet.

Det er naturleg at rådsleiar møter som observatør i styret (sit han/ho ikkje i styret). Det er mange organisasjonar som kan vera aktuelle til å nemna opp representantar til eit fagråd:

- NAV i Ryfylke
- Dei vidaregåande skulane
- NHO/Næringsforeining/vekstselkap
- Arbeidstakarorganisasjonar
- UH-sektoren/forskningsmiljø
- Studentar

Styret må vera organisasjonen sitt øvste organ, med politisk og økonomisk ansvar. Organisasjonen blir organisert som eit as eller iks, der kommunar (Ryfylke iks) og fylkeskommunen står som eigar. Sentrale folkevalde på begge nivå bør få plass i styret. I tillegg bør representant for NAV og arbeidslivet i Ryfylke vera representert.

Styret må ha ansvar for å laga ein strategi for arbeidet (med faglege innspel), årlege arbeidsplanar og driftsbudsjet, og å syta for budsjettstyring. Styret må òg laga økonomi- og arbeidsrapportar (årlege) til dei som bidreg økonomisk til drift og investeringar.

Som Oxford Reaserch peikar på, handlar utdanningssenter om å gjera det annleis:

- *Studiesentra tenkjer anneleis om målgrupper*
- *Studiesentra ser at studentmassen er i endring – fleire unge kjem til Skreddarsaum for å passes inn i eit liv med barn og arbeid.*
- *Studiesentra rekrutterer studentar som elles ikkje ville ha tatt utdanning...*
- *At ein etablerer senter med lokal autonomi som kan snu seg raskt og kombinera kompetanseutvikling og lokalt utviklingsarbeid*

Me ser at fleire av utdanningssentra drøftar namnet dei skal profilerast under.

I dag er både utdanningssenter, studiesenter og kompetansesenter brukt. Men dei som har komne lengst byter nå over til å kalla seg *studie- og høgskulesenter*. Nettopp for å visa at dette er noko anna enn utdanning på vidaregåande nivå, visa tydelegare kva nivå utdanningstilboda er på.

Når fylkeskommunen nå vil setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram eit endeleg framlegg, er det naturleg å peike på at denne må vera liten og kunne arbeide effektiv slik at organisasjonsform kan sluttførast innan rimeleg tid. Det er naturleg at leiar i rådet og leiar av kompetansepiloten tar plass i gruppa og melder tilbake til rådet om konklusjonar for arbeidet basert på dei føringar som er gitt i saka.

Framlegg til vedtak

1. Ryfylkerådet vil gå saman med Rogaland fylkeskommune om etablering av eit studie-/høgskulesenter i Ryfylke.
2. Senteret blir etablert som ein sjølvstendig organisasjon der fylkeskommunen og Ryfylke IKS på vegne av kommunane i Ryfylke står som eigar.

3. Asbjørn Birkeland og Reidun Sandvik blir med i arbeidsgruppa for etablering av eit studie-/høgskulesenter i Ryfylke.

Vedlegg:

Ryfylkerådet
Ryfylkevegen 7040
4130 Hjelmeland



Jørpeland, 18.01.2023

Studie-/utdanningssenter i Ryfylke

Næringsforeningen
i Stavanger-regionen
Rosenkildetorget 1
Pb 182, N-4001 Stavanger
T +47 51 51 08 80
post@stavanger-chamber.no
foretaksnr. 971079231 mva
bankkonto 9686 05 01705
stavanger-chamber.no

Vi viser til møtet 6. januar, på Hjelmeland, der Næringsforeningen i Stavanger, ved vår ressursgruppe i Ryfylke, var invitert til å delta på, som gjaldt etablering av et studiesenter i Ryfylke. Dette er et viktig arbeid for Ryfylke og vi mener derfor kommunene må være tydelige og gå foran for å sikre et godt og viktig tilbud som næringslivet kan dra nytte av.

Som det ble poengtert på samlingen på Hjelmeland er en god grunnfinansiering avgjørende om senteret skal få armslag til å etablere utdanningstilbud i samarbeid med fagskole og høgskole/universitet. Et senter som kan arbeide sammen med arbeidslivet og utdanningstilbydere om utforming av tilbud.

Til dette arbeidet trengs en liten og effektiv organisasjon, som har arbeidet med fleksible og desentraliserte utdanninger som sin hovedoppgave. En organisasjon som kan utfordre de tilbydere vi her snakker om til å prioritere utdanning i Ryfylke-regionen, og som har et klart mandat fra et styre bestående blant annet av sentrale politikere fra Ryfylke og fylkeskommunen.

Som det også kom fram på samlingen på Hjelmeland, var det studiesentrene med en slik organisering som hadde kommet lengst i arbeidet med desentraliserte utdanningstilbud i sine regioner. Det hadde medvirket til en god grunnfinansiering som igjen hadde bidratt til å få mange utdanningstilbud på plass. Å knytte arbeidet til store og tunge organisasjoner som de videregående skolene, kan føre til at utdanningssenterets arbeid blir «en lettbåt på et stort skip». De videregående skolenes viktige primær oppgave er å tilby videregående opplæring – en opplæring som skaper grobunn for å kvalifisere innbyggerne til å gå videre med utdanninger på fagskole og høgskole- og universitetsnivå.

Vi mener et studie- og utdanningssenter bør etableres som en egen juridisk enhet med et eget styre, lokalisert utenfor de videregående skolene i Ryfylke

Næringslivet bør også ta del i arbeidet med et studiesenter, eksempelvis gjennom å delta i styrearbeidet.

Spørsmålet er drøftet med styreleder i Suldal Vekst, Odda Aksland, som også var deltaker på samlingen på Hjelmeland. Han og vekstselskapet er på linje med Næringsforeningen i denne saken.

Vi ber derfor Ryfylkerådet være tydelig overfor fylkeskommunen når det gjelder hvordan dette arbeidet bør organiseres.

Med Vennlig hilsen



Roald Tvedt
Leder
Næringsforeningens ressursgruppe for Ryfylke

Sak 09/23: Økonomiplan 2023- 2026 og budsjett 2023

I samsvar med *Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)* § 18 skal Representantskapet vedta budsjett for kommande kalenderår. I samsvar med *Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)* § 20 skal Representantskapet 1 gong i året vedta økonomiplanen til selskapet. Den skal leggjast til grunn ved budsjettarbeidet til selskapet og andre planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatta dei fire neste budsjettåra og gi ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver, under dette investeringsplanar og finansieringa av desse i denne perioden. I økonomiplanen skal det inngå ei oversikt over den samla gjeldsbyrda til selskapet og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Økonomiplanen og budsjettet har vore behandla i styret i Ryfylke IKS (sak 5/23) med følgjande vedtak: *Styret godkjenner økonomiplan 2023- 226 og budsjett 2023*.

Sakspapir i eige dokument.

Framlegg til vedtak

Rådet godkjenner økonomiplan 2023- 226 og budsjett 2023

Sak 10/2023 Eventuelt

- Orienteringar frå:
 - Kristian Valen, RFK: Regionalplan for kulturmiljø
 - Kristian Landro: Folkeheisen Sauda
 - Ketil Barkved: Mineralseminar 24. februar
- Ryfast-takstar